



POLITIET

POLITIKONTAKTER

MØRE OG ROMSDAL POLITIDISTRIKT

Prosjekt - Trusselen mot demokratiet

2021





POLITIRÅD OG POLITIKONTAKT

I ei omskifteleg samfunnsutvikling og i eit meir fragmentert og spesialisert samfunn, aukar behovet for dialog og samarbeid på tvers av samfunnsområda og sektorane.

POLITIRÅD skal samle og koordinere det kriminalitetsførebyggande arbeidet lokalt og iverksette kunnskapsretta strategier og tiltak, også innan redning og beredskap.

POLITIKONTAKTA skal bidra til eit tettare og meir systematisk samarbeid mellom politiet, kommunen og lokale aktørar for å førebygge kriminalitet og skape trygge lokalsamfunn.

Politikontakta skal arbeide førebyggjande mot til dømes skulane, lag og organisasjonar, men vil også fungere som ein rådgivar for innbyggerane. Skal du anmelde så skal det som før gå til næraste politistasjon (lensmannskontor).

Politikontaktene kjenner politiet sine arbeidsområder godt, og dei har god kompetanse og erfaring innan førebyggjande politiarbeid. Ein viktig del av arbeidet til ei politikontakt er å skaffe god lokalkunnskap og innsikt i utfordringar i den kommunen dei skal arbeide med.

I tillegg til kommunen, vil både det lokale næringslivet, frivillige organisasjonar og andre lokale aktørar vere viktige samarbeidspartnarar for politikontakta.

Politikontakta skal vere synleg i nærmiljøet og innbyggerane vert oppfordra til å ta kontakt dersom dei har spørsmål eller treng hjelp. Kontakt ut over vanleg kontortid skal rettast til politidistriktet på 70 11 87 00, der dei som svarar ruter deg dit du skal.

POLITIKONTAKTENE I MØRE OG ROMSDAL står oppført på tjenestestadane våre.

Klikk deg inn på aktuell geografisk plassering. Politikontaktene står nederst:

- <https://www.politiet.no/om/organisasjonen/politidistrikter/more-og-romsdal/>

Du skal også finne informasjon om oss på heimesidene til kommunen din.

Ajournert oversikt per 1. juni 2021 ser du på dei to neste sidene.


Politikontakter Sunnmøre

Oversikt juni 2021

Kommune	Politikontakt	E-post	Mobil
Fjord	Øyvind Verpeide	oyvind.verpeide@politiet.no	481 44 506
Giske	Hans-Eirik Pettersen fung. Daniel Langøyli Ludviksen *	hans-eirik.pettersen@politiet.no daniel.langoyli.ludviksen@politiet.no	916 31 802 404 45 916
Hareid	Henrik Vikebakk Sandstad	henrik.vikebakk.sandstad@politiet.no	404 01 970
Herøy	Tor Sæther	tor.sather@politiet.no	906 05 636
Sande	Jørn Fredriksen Larsen	jorn.fredriksen.larsen@politiet.no	932 11 831
Stranda	Jon Tommy Flo	jon.tommy.flo@politiet.no	913 56 301
Sula	Ole-Andreas Christensen	ole-andreas.christensen@politiet.no	989 09 814
Sykkylven	Tony André Gjerde	tony.andre.gjerde@politiet.no	924 92 305
Ulstein	Hilde Sæter Aglen	hilde.saeter.aglen@politiet.no	922 61 533
Vanylven	Tor Sæther	tor.sather@politiet.no	906 05 636
Volda	Pål Inge Olsen Oddbjørn Myklebust	pal.inge.olsen@politiet.no oddbjorn.myklebust@politiet.no	909 44 045 920 80 809
Ørsta	Pål Inge Olsen Oddbjørn Myklebust	pal.inge.olsen@politiet.no oddbjorn.myklebust@politiet.no	909 44 045 920 80 809
Ålesund	Hans-Eirik Pettersen Ingrid Korsnes Hildre	hans-eirik.pettersen@politiet.no ingrid.korsnes.hildre@politiet.no	916 31 802 477 99 168

Kontakt utanom på dagtid går til 70 11 87 00. Der vert du ruta vidare til nokon som kan svare.

* Perm. til høsten 2021



Politikontakter Nordmøre og Romsdal

Oversikt juni 2021

Kommune	Politikontakt	E-post	Mobil
Aukra	Terje Holen	terje.holen@politiet.no	477 99 169
Aure	Asbjørn Holand	asbjholand@politiet.no	480 31 045
Averøy	Eirik Andre Sæther	eirik.andre.saether@politiet.no	932 18 288
Gjemnes	Siri Elise Bjerkeset Engdahl	siri.elise.bjerkeset.engdahl@politiet.no	954 68 410
Hustadvika	Fredrik Morkemo Johansen **	fredrik.morkemo.johansen@politiet.no	989 09 811
Kristiansund	Nina Langaas	nina.langaas@politiet.no	991 09 861
Molde	Terje Holen	terje.holen@politiet.no	477 99 169
Rauma	Sindre Mittet	sindre.mittet@politiet.no	934 01 491
Smøla	Asbjørn Holand	asbjholand@politiet.no	480 31 045
Sunnal	Hallvard Vermøy	hallvard.vermoy@politiet.no	971 99 130
Surnadal	Helge Berg	helge.berg@politiet.no	938 96 900
Tingvoll	Olav Gjøvik	olav.gjovik@politiet.no	913 20 423
Vestnes	Vebjørn Bale	vebjorn.bale@politiet.no	924 32 750

Kontakt utanom på dagtid går til 70 11 87 00. Der vert du ruta vidare til nokon som kan svare.

** 3 Fra 1. juli 2021



Trusselen mot demokratiet:

Hatefulle ytringar og truslar mot lokale folkevalgte

Hatefulle ytringar er ein trussel mot demokratiet vårt. I politiets trusselvurdering for 2021 vart det vist til i alt 17 kriminalitetsutfordringar. Ein av desse er trusselen frå aktørar som set fram hatefulle og andre straffbare ytringar i det offentlege rom – kanskje spesielt i sosiale media.

For å sitere frå vurderinga til politiet:

(...) Hatefulle ytringar er rasistiske og diskriminerende, og enkelte oppfordrar til fysisk vold. Antall anmeldte hatefulle ytringar har økt jevnt sidan 2015.

(...) De fleste ytringene fremsettes på sosiale medier, særlig i Facebook-grupper eller i kommentarfelt på ulike nettsider. Fenomenet forsterkes av at avsenderne opplever anonymitet i foraene hvor ytringene fremsettes.

Gruppedynamikk bidrar til at deltakende individer får lavere terskel for stadig mer ekstreme ytringer. Negative ytringer i kommentarfelt rettes også i mange tilfeller mot politikere og andre samfunnsdebattanter.

(...) Hatefulle ytringar er en trussel mot demokratiet og har en negativ effekt på samfunnsdebatten når personer eller grupper vegrer seg for å ta del i den offentlige debatten eller de ikke ønsker å ta belastningen ved å la seg rekruttere inn som folkevalgte. (...)

Trusselvurderinga til politiet er meint som ei fagleg støtte for politietaten sjølv, men også for Justis- og beredskapsdepartementet, Regjeringa, Stortinget og våre samarbeidspartnarar. Truslane som vert trekt fram er ikkje rangerte innbyrdes etter grada av alvor, men representerer samla sett dei mest alvorlege truslane mot verdiane som politiet er sett til å verne om.

Som politi har vi eit ansvar for å verne mot det som kan true den alminnelege tryggleiken i samfunnet. Politidirektoratet har derfor gitt nasjonale føringar til etaten om at politidistrikt og lokale einingar i Politiets sikkerhetstjeneste (PST) skal samarbeide tett. Slik skal vi gjennom auka etterretningsproduksjon få oversikt over kven som kjem med truslar mot folkevalde, eller som har ein skremmande og plagsam oppførsel. Vi skal gå i førebbyggande dialog med einskildpersonar og sette i verk tryggingstiltak rundt arrangement i samband med valet i 2021.

Politiet skal også etterforske lovbrøt i form av truslar og hatkriminalitet som rammar lokale folkevalde, noko som ligg til politiet sitt mandat. PST etterforskar truslar mot regjeringsmedlemar eller stortingspolitikarar.

Andre undersøkingar støttar opp under denne trusselvurderinga når det gjeld hatefulle ytringar, til dømes rapporten til KS (Kommunenenes Sentralforbund) i 2021. Der kom det fram at nesten halvparten av dei lokale folkevalde har vorte utsett for hatefulle ytringar eller truslar i kraft av si rolle.

Hatkriminalitet og truslar mot politikarar vert løfta fram fordi fenomenet har eit potensial i seg til å rokke ved fundamentet i demokratiet; eit fritt ordskifte og innbyggjarar som stiller seg til disposisjon til verv som folkevalde.

Internasjonalt ser vi skremmande dømer, på korleis hatefull retorikk og truslar som får virke saman med konspirasjonsteoriar og løgn kan vere kimen til dramatiske hendingar og true konstitusjonelle institusjonar. Det norske demokratiet er i utgangspunktet solid. Innbyggjarane i Noreg har i stor grad tillit til styremaktene, meir enn i andre land det kan vere naturleg å sammanlikne seg med. Likevel kan vi ikkje ta for gitt at dette vil vare over tid utan kontinuerleg innsats og merksemd. Hatefulle ytringar og truslar mot folkevalde bør derfor få tydeleg merksemd i samfunnsdebatten. Vi er ikkje immune mot faren hatefulle ytringar utgjer.



Ingar Bøen

Politimeister

Møre og Romsdal politidistrikt

2021

#deterhat

Hatefulle ytringar og truslar

Vi har ikkje ein felles definisjon av hatefulle ytringar, verken i Noreg eller internasjonalt.

Mange forstår hatefulle ytringar som ytringar som er av hatefull eller diskriminerande art, og som rettar seg mot ei gruppe eller mot eit individ si reelle eller tenkte gruppetilhøyrighet (ISF 2018:1). Hatprat eller hatytringar er også omgrept som vert nytta.

I Norge vert diskriminerande og hatefulle ytringar overordna regulert av ytringsfridomen jf. Grunnlova § 100. Samstundes set fleire norske lover grenser for ytringsfridomen. Til dømes straffelova, arbeidsmiljølova og diskrimineringslovgivinga. Desse forbyr hatefulle ytringar, diskriminering, trakassering, omsynslaus åtferd og krenkingar av retten til privatliv.

Grensene mellom lovlege og ulovlege ytringar må vurderast i kvart einskild tilfelle. Vi kan derfor ikkje forklare desse generelt her.

Mange vil ikkje fortelle at dei, eller nokon dei kjenner, er eller har vore utsett for hatefulle ytringar. Men det er viktig at du seier i frå så tidleg som mogleg slik at du blir teken vare på og får hjelp til å stoppe dei hatefulle ytringane.

- **Sikre digitale bevis** ved å lagre meldinga eller bildet (Screen shot) slik at du kan vise til andre kva du har vorte utsett for.
- **Bruk hjelpetenester** og bruk rapporteringsfunksjonane. Du kan rapportere uavhengig om ytringa bryt med nettstaden sine retningslinjer eller er ulovleg. Om nettsida ikkje let deg rapportere, kan du kontakte dei som eig domenet, på Who is-databasen og/eller til dømes kontakte slettmeg.no for å slette uønska ytringar.

Når du har behov for hjelp

Politikontaktene i politidistriktet er vår fyrstelinje for rådgjeving på tema sikkerheitstiltak og straffbare handlingar retta mot folkevalde.

NÅR DET HASTAR

- Står nokon på døra eller på andre måtar set fram truslar direkte der du er, då ringer du naudtelefonen 112 til politiet. Du kan også ta kontakt der og då med operasjonssentralen vår på 02800 for råd.

RÅDGJEVING OG DELING AV KUNNSKAP er ei av oppgåvene til politikontaktene. Dei er der for rådgjeving i det daglege og dei kan kontaktast på dagtid om det har oppstått situasjonar som vi i politiet bør få kunnskap om.

- <https://www.politiet.no/om/organisasjonen/politidistrikter/more-og-romsdal/>

PÅ NETT har politiet døgnope tipsmottak som Kripos handterer.

- <https://www.politiet.no/tjenester/tips-politiet/hatefulle-ytringer-pa-internett/>

PÅ SOME lokalt når du Nettpatroljen på Facebook og dit kan du sende melding. Sjekk opningstidene.

- <https://www.facebook.com/politimoreogromsdal/>





POLITIET

02800
70 11 87 00

MØRE OG ROMSDAL POLITIDISTRIKT

Tittel: Prosjekt. Truslane mot demokratiet.

Design: E.A.Tvergrov

Juni 2021